



# KYRKJEBLAÐ

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

---

Nr. 4

Juni 1976

30. årg.

---

### DØM IKKJE

«Sjå kor dei kristne elskar kvarandre». — Dette vart sagt — av heidningar, som kan henda ingen ting visste om Jesus, eller kjende svært lite til kva som var hendt i Jerusalem «i desse siste dagar». —

Men der var mellom dei ein del folk som vart kalla kristne, fordi dei trudde på ein dei kalla Kristus. Dei diskuterte vel ikkje so mykje med desse, men dei såg dei i deira kvardagsliv og i deira arbeid. Og so hadde dei merka seg noko som var særmerkt hjå desse som kalla seg kristne. Og det dei såg fekk uttrykk i orda: «Sjå kor dei kristne elskar kvarandre.» La oss merka oss: Dei sa ikkje: Her er visst ein ny religion som lærer at menneska skal elskja kvarandre. Det ville nok ikkje mange lagt merke til, for det er andre som også lærer det, men desse kristne praktiserte det, det var den store forskjell.

Det ligg mykje attom ein slik attest. Korleis var det mellom dei truande i dei dagar? Kritiserte dei kvarandre? Nei, det stemmer ikkje med den innbyrdes kjærleik. Dømde dei kvarandre? Nei, det er også uforeinleg med kjærleiken. Var dei sjølv gode? Nei, langt ifrå, då hadde dei aldeles ikkje fått ein slik attest. Kva gjorde dei då?

Dei hjelpte kvarandre. Var det nokon som leid vondt, og det var det nok — «dei fatige har de alltid i mellom dykk». Men då hjelpte dei desse.

«Døm ikkje», sa Jesus. Denne Jesu formaning har adresse til mange idag, for idag er det mange som har det travelt med å døma andre. Har dei grunn for å seie dette, so viser det ein mykje alvorleg ting om heile vår stoda idag. Ikkje berre for dei som vert kalla kristne, men for alle som lever idag. Det viser nemleg dette at «kjærleiken held på å bli kald hjå dei fleste». Og det er eit av tidarteikna for at Jesus snart kjem att for å henta sine.

«Lat oss då, medan me hev høve til det, gjera det gode mot alle, men mest mot dei som høyrer trui til» Gal. 6:10.

Lars Bjørsvik

## Orgelvigslle

Vigslle av nytt orgel hender ikkje ofte, men denne vakre våren er to nye orgel blitt vigsla i Vaksdal prestegjeld.

Nytt orgel i Nesheim kyrkje vart vigsla under konfirmasjonsgudstene- sta der den 23. mai.

Orgelen er levert av A/S Henrik Eide, Bergen. Det er eit Ahlborn (Sonata 311) med tonekabinett. Det var ein vakker vårdag med fullsett kyrkja orgelet vart teke i bruk i Nesheim kyrkja for første gong. Mjuke og reine var tonane organisten Asbjørn Nese lokka fram frå orgelet. Orgelet vart vigsla av soknepresten. Kyrkjelyden gav uttrykk for glede og takksemd for det nye orgelet.

I Bergsdalen vart nytt orgel vigsla ved kveldsgudsteneste og konsert i Bergsdalen kyrkje 26. mai.

Orgelet er utarbeidt av Vestlandske Orgelverkstad A/S, Hareide. Dette er eit pipeorgel 478 piper, og 6 stemmer. Orgelbyggjar Eduard Moser sette det opp. Orgelet vart vigsla av soknepresten. Han understreka at song og musikk i kyrkja, ikkje har sitt mål i seg sjølv, men er med og lyfter sjel og sinn opp mot Gud i Andens verden. Organist Kjell Svanæs, Kyrkjekoret frå Dale og Säävs kvartett gav oss alle mykje gjennom vakker song og mu- sikk.

Soknerådsformann Anders Fosse gav kort utgreiing om arbeidet med å få nytt orgel, og retta varm takk til kommunen for utvist stor velvilje, og til organist Svanæs for hans ihuga arbeid for å få nytt orgel. Frå kom- munen møtte kontorsjef Otto Vågen. Han bar fram ei helsing til kyrkje- lyden, og ynskte at orgelet måtte bli til glede og signing for kyrkjelyden.

Etter samveret i kyrkja, innbaud soknerådet til kyrkjekaffe i kyrkje- salen. Den varme ljose vårvelden sette ei vakker råma om alt.

## Blomefond

Stundom kan spørsmålet om blomar til ei gravferd bli eit problem. Det kan koma slik eit veld av blomar til sume bårer, og lite til andre. Å senda kransar til båra, eller blomar til hei- men, kan vera ei viss utløysing for slekt og vene som ynskjer å visa den avlidne den siste takk og æra. Men det kan bli slik veld av blomar at det er vanskeleg. Derfor ser ein og ofte i annonser at «den avlidne ynskte ikkje blomar», eller «send ikkje blomar til heimen.» Dette kan og kjennast vondt. «Eg ville so gjerne ha sendt ein blom til båra, men det er ikkje høve til det.»

Ein måte til å koma unna båe desse vanskane er at ein kan gje ei gāve til eit blomefond i kyrkja. Pengane vert då nytta til å setje friske blomar på altaret når det er gudsteneste i kyrkja. Dei friske blomane vil då på ein måte minna om dei som var, men ikkje lenger er mellom oss.

Om nokon ynskjer det, kan vi gjerne ha eit blomefond ved kyrkja.

## KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Lars Bjørsvik, 5280 Dalekvam

Mødarbeidrarar: Magne O. Steinnes, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.

Kasserar Ragnar Trohjell, 5297 Gammervik.

Postgiro nr. 7 23 47. Bankgiro nr. 103385/123.

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 10,— for året.

Ekspd: Skaars Boktrykkeri,  
5601 Norheimsund — tnf. 8.

me kva me kjem opp i. Biletet vert utvida når vi fortel korleis han kan vere her og alle stader, korleis han hugsar oss — og alle andre, korleis han styrer universet, — høyrer på eit lite barn som ber kveldsbøna si.

Gjenom dei bibelske forteljingar opplever borna at Gud ikkje er passiv og langt borte, men han er handlande og like ved oss. Og når Bibelen fortel om Guds hjarte, om at vi kan vere i hans hand, eller når vi får høyre at Gud er kjærleg, at han tilgir, men og straffar — for å føre oss til seg, so er dette bilete Bibelen sjølv brukar.

Det største ved Bibelen er jo at han fortel om Jesus. Jesus seier om seg sjølv at den som har sett han, har sett Faderen. Dermed kan vi seie at den som vi gi barnet eit levande biletet av Gud, skal fortelje om Jesus.

(Ovanståande er henta frå bladet «VI FORELDRE». Bladet kjem ut 4 gonger om året, og kostar kr. 16.00. Adr. IKO, Holbergs Plass 4, OSLO 1.)

## Korleis snakke med borna om Gud ?

Det dukkar stadig opp historiar om underlege forestillingar born kan ha om Gud: gamal bestefar, stor mann osb. Kan ikkje eit barn oppfatte kven Gud er? Så mørkt er heldigvis ikkje biletet, hevdar Åsmund Dale:

Vi vaksne er av og til urolege for kva forestillingar born kan ha av Gud. Enn om vi snudde saka om, spurde kva slags biletet vi vaksne har av Gud? Saka er jo at ingen av oss kan forestella oss Gud heilt ut, for Gud er so mykje større enn alle våre fore- stillingar, elles ville han ikkje vera Gud.

Koreis gi borna eit rett biletet av kven Gud er? Det første eg har lyst til å leggje vekt på, er at vi treng ikkje vere så urolege for borna sine tankar om korleis Gud ser ut. Den saka vil regulere seg av seg sjølv om vi berre gjer noko anna og betre for dei. Eg tenkjer då på at vi viser dei kva slags vesen og eigenskapar Gud har. Gradvis byggjer vi opp eit langt rettare biletet ved å be til Gud, vise han tillit, gi uttrykk for at vi reknar med han sa-

Hausvik og Faugstad %

Vaksdal

Telefon 3603.

Dale Fabrikkutsalg

5280 Dalekvam  
Telefon Dalekvam 2261  
Tekstilvarer — Sengetøy  
Bomull og ull metervarer  
Strikke- jakker og gensere

## De som ventet

Bare en liten flokk levde i fortrolig samfunn med Abrahams Gud da den lovede Messias kom.

For disse åpenbarte Gud sin søns komme slik han lover i Salme 25:14, hvor det står at «Herren har fortrolig samfunn med dem som frykter hans navn, og hans pakt skal bli dem kunn gjort».

Gamle Simeon og Anna Fanuelsdatter må ha vært den åndelige elite. Den førstnevnte hadde fått visshet om å få seg Herrens salvede før han gikk i sin grav. Hvordan han hadde fått den visshet, er ikke fortalt. Har møtt troende far og mor som har fått visshet om sine uomvente barns frelse, uten å få se, i den troen har de lukket sine øyne.

Det er merkelig hvor Anna sin vita er gjengitt hos Lukas. Om henne er det skrevet at han priste Gud, og fortalte det til alle som *ventet* på Israels forløsning. Kanskje også hyrdene har hørt til den ventende flokk —?

Men Guds veier er uranskaklige. Noen ventende, søker sjeler i et fjernt land, fikk se stjernen som Bibleam sang om. — «Jeg ser ham, dog ikke nu — jeg skuer ham dog ikke nær, fjern skrider en stjerne av Jakob, og et spir hever seg av Israel.» (4. Mos. 24:17.)

Det hender i livet så nu og da, at vi finner søker sjeler der vi minst tenkte.

### Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 EIDSLANDET

Avd. 15 — 5296 EKSINGEDELEN

Når disse spurte i Jerusalem, landets hovedstad: Hvor er den jødenes konge som nu er født?, fortjente de et klart svar. I stedet kom hele Jerusalem i forferdelse. Slik går det når folkets ledere ikke våker, og ikke kjenner sin tid.

### DE SOM VENTER:

Nu står Jesu annet komme for døren. Han kan dryge, men også være meget nær.

Alt omkring oss minner om at denne tids husholdning ebber ut. Naturresserne ødelegges i tur og orden. Veldige krefter fra avgrunnen undergraver hellig guds frykt. Lenge har disse krefter arbeidet skjult, men blir etter hvert mere frekke og åpenlyse, ettersom tiden går. Alt har samme mål, å få oss bort fra våken venting på Herrens dag.

«Tidsbarometeret står på storm», leste jeg nylig. Den verdslige makt skifter stadig på nye hender slik det er skrevet i Åbenbaringen 17. Nye horn dukker opp fra folkehavet, og styrter de som har makten, alle med begrenset tid, og samme mål, nemlig å stride mot «Lammet».

Samtidig med denne uro på den verdslige front, er der en travel tid i misjonsarbeidet. Tenk på Lausanne Pakten — pakten hvor et samlet Guds folk, tross ulike meninger, prøver å løfte i flokk, for at all jorden skal få høre Evangeliet mens det er tid.

På eterens bølger finner vi den samme travelhet og ekspansjon. Alt

minner oss om at «Kongens ærend har hast».

Jeg kan ikke slutte dette uten å nævne Israel slik jeg har fått se det. Satan hisser folkeslagene opp mot den Gud hvis navn har historisk tilknytning til dette folk.

Når dere ser alt dette, vet dere at han er nær for døren. Matt. 24:33.

«Se Han kommer — Jesus kommer! La oss lytte etter lyden av hans trin.»

*Johanne B. Helle.*

## Nye medhjelparar i Dale kyrkjelyd

Etter lang og trufast teneste som medhjelpar i Dale Kyrkjelyd har Sigurd Takvam bede om å få trekke seg tilbake. Soknerådet har vald Obert Sellevold og Normann Buvik til nye medhjelparar. Me takkar Sigurd Takvam for trufast teneste gjennom mange år. Under gudstenesta påskedag vart dei to nye medhjelparane innsette.

### DALE BILSERVICE

**Johannes A. Lid & Co**

Tlf. 2193 — Dalekvam

### A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølsér og påleggsvarer

Frukt og grønnsaker

## Norges Samemisjon

hadde sitt årsmøte i Stamnes laurdag og søndag 22. — 23. mai. Samemisjonen vart grunnlagt alt i 1888, og har si oppgåve å drive forkynnarverksemid, sosial hjelp og skulearbeid blant alle samer i Norge. — Det er Samemisjonen som driv leirstaden Fagertun i Eksingedalen, og dette er einaste leirstad i Vaksdal kommune. Leirstaden er mykje nytta, og til stor signing for arbeidet blant barn og unge.

Søndag 23. mai vil generalsekretær i Samemisjonen, prost Gunnar Skagestad ha gudsteneste i Stamnes kyrkje. I dei andre kyrkjene vert og nokon frå Samemisjonen med. Sjå annonse.

## Ferie for prestane

Res. kap. Steinnes har ferie frå 29. juni til 26. juli. Sokneprest Bjørsvik har ferie frå 29. juli til 25. august.

Prestane vikarierar for kvarandre.

Spør meg ikke om dag og tid  
og slettes ikke om år.

Jeg er alene på kloden ett steds,  
i kamp med vind og vær.

Spør meg ikke om motor og klær  
eller siste nytt fra Paris,  
bakom fjellene står jo jorden i brann,  
er verdens ende nær?

Finnes det 10 rettferdige menn,  
som kan stå frem og redde vår jord?  
Nei Noa, det er ikke en rettferdig igjen,  
så kast loss og la Arken drive  
til den strandar på Ararats fjell.

*Elisa Hellestræ.*

## Frå kyrkjebøkene

### DØYPTE:

#### DALE:

Stig Morten Rolland, fødd 9. februar 1976, døypt 25. april.

Stan Sellevold, fødd 10. februar 1976 døypt 27. mai.

Ingvild Lekve, fødd 3. februar 1976, døypt 18. april.

Silje Særheim, fødd 6. april 1976, døypt 15. mai.

Kari Margrete Angeltveit, fødd 9. mars 1976, døypt 23. mai.

#### VAKSDAL:

Elin Fossdal, fødd 9. desember 1975, døypt 18. april 1976.

Frode Jørgensen, fødd 20. februar 1976, døypt 18. april.

Ann-Elin Mjelde, fødd 8. mars 1976, døypt 18. april.

### VIGDE:

#### BERGSDALEN:

Trond Idar Langeland og Karen Alette Lid, vigde i Bergsdalen kyrkje 24. april.

#### VAKSDAL:

Ogg Berge og Venke Jane Vaksdal, vigde 24. april 1976.

Kjell Bertin Larsen og Wenche Vågenes, vigde 29. mai 1976.

### AVLIDNE:

#### DALE:

Kristian Ulveseth, fødd 24. desember 1905, døydde 10. mai 1976, gravlagd 13. mai.

Normann Norum, fødd 22. november 1909, døydde 10. mai 1976, gravlagd 15. mai.

Ingrid Marie Sæterdal, fødd 14. mai 1911, døydde 8. mai 1976, gravlagd 14. mai.

#### VAKSDAL:

Nils Olai Olsnes, fødd 25. desember 1885, døydde 4. april 1976, gravlagd 9. april.

Birgit Nordby, fødd 21. april 1901, døydde, 5. april 1976, bisatt 8. april i Bergen.

Odd Erstad, fødd 25. mai 1928, døydde 17. april 1976, gravlagd 23. april.

Magnus Teigland, fødd 26. april 1892 døydde 14. mai 1976, gravlagd 21. mai.

## Organist Kjell Svanæs

hadde sin avskjedskonsert i Dale Kyrkje den 30. juni. Det var eit fyldig og vakkert program med medvirkning av Dale Kyrkjekor, Säävs kvartett og organist Thor Michelsen. Organist Svanæs har lagt for dagen stor ihuge og dyktig arbeid i sin gjerning som organist. Fru Svanæs har også hjelpt til ved kyrkja sin songskule for born. Me takkar dei båe for heilhjarta innsats i arbeidet her, og ynskjer dei Guds signing i arbeidet dei går til.

«LÆR EI LIKNING AV FIKETREET:  
NÅR SEVJA HEV KOME I GREINE-  
NE, OG LAUVET TEK TIL Å SPRET-  
TA, DÅ VEIT DE AT SUMAREN ER  
NÆR.  
LIKEEINS NÅR DE SER ALT DETTE,  
DÅ VEIT DE AT HAN ER FOR DØRI»  
(MATT. 24:32-33)



Dale Servicestasjon  
THORE ROGNVED  
Tlf. 2189 Dalekvam

Bensin — Dekk — Rekvisita

Bjørsvik. Nattverd.  
Stamnes kl. 18.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd

### 3. søndag etter trieinings, 4. juli:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.  
Bergsdalen Kyrkje kl. 17.00. Sokneprest Bjørsvik.  
Nattverd.

### 4. søndag etter Trieinings, 11. juli:

Eidslandet Kapell kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.  
Nattverd.  
Vaksdal Kyrkje kl. 18.00. Sokneprest Bjørsvik.

### 5. søndag etter Trieinings, 18. juli:

Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.  
Stamnes Kyrkje kl. 18.00. Sokneprest Bjørsvik.

### 6. søndag etter Trieinings, 25. juli:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.  
Nattverd.

## Velkommen til Kyrkja

### Trieiningsøndag, 13. juni:

Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste.  
Sokneprest Bjørsvik.

### 1. søndag etter Trieinings, 20. juni:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.  
Nattverd.

Friluftsgudsteneste ved Fitjavatnet for Vaksdal og Samnanger. Res. kap. Steinnes, og sokneprest Heggheim m.fl.

### 2. søndag etter Trieinings, 27. juni:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.  
Nattverd.

Eksingedalen Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest



**Ekspedisjonstider ved  
våre kontor:**

**DALE, Tlf. 2421**      Frå      Til  
Måndag, Tysdag, Onsdag og Fredag ... 8.30    15.00  
Torsdag ... ... ... 10.00    17.30

**VAKSDAL, Tlf. 3605**  
Tysdag og Fredag 8.30    15.00  
Torsdag ... ... ... 10.00    17.30

**STAMNES, Tlf. 3 a**  
Måndag    frå kl. 9.30 til kl. 14.30

**Bruvik Sparebank**

**5280 DALEKVAM, Tlf. 2421**

**Stamnes Handelslag  
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening  
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTTS  
SKOFORRETNING**

**Dalekvam**

**RADIOSPECIALEN**  $\frac{a}{s}$

**Tlf. 2240 DALKEVAM**

**R A D I O — T V**

**Reparasjonsverkstad**

**BØKER — PAPIR — BIBLAR  
SALMEBØKER- SANGBØKER**

**EIDE & PETERSEN**  $\frac{a}{s}$

**Tfn. 2258 DALEKVAM**

**K. SEIM**

**Kolonial & Delikatesse**

**Tlf. 2323 DALEKVAM**

**BRUVIK HANDELSLAG**

**Ass. Landhandel og Bakeri**

**FILIAL SKAFTÅ**

**Arth. og Arne Vaksdal**

**HANDEL**

**Tlf. Dalekvam 2348 — 2161  
Stanghelle — Vaksdal — Dale**

**Vaksdal koop. Handelslag**

**V A K S D A L**

**Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710,**

**Kjøp i Dykkar eigen forretning**